

## **Kjøpsvilkår (salsvilkår) for nettsal til Landskappleiken 2024**

Seljaren er: Landskappleiken 2024 v/ Gol Spel- og dansarlag  
Organisasjonsnummer: 916362072 – Gol Spel- og dansarlag

- Postadresse: Åsmund Fauske Jøtun Steintrøa 31, 3550 GOL
- E-post: [asmundfauske@gmail.com](mailto:asmundfauske@gmail.com)
- Telefon: 938 33 229

### **Kontaktperson for kappleikscampingen:**

Torgeir Vestenfor

Telefon:+ 47 959 80 045

E-post: [Torgeir@landskappleiken.no](mailto:Torgeir@landskappleiken.no)

### **DETTE TILBYR VI GJENNOM VÅR NETTBUTIKK**

Plassar for campingvogn/bubil og telt på kappleikscamping på Vikojordet i samband med Landskappleiken 2024 og billetter til konsertar på landskappleiken.

### **FASILITETAR PÅ CAMPINGEN**

Toalett - festivaltoalett på campingområdet

Tømmestasjon

Vatn - frå kraner

Straum – **NB!** 0,5kwh - 1kwh

### **DUSJMOGLEGHEITER**

Dusj i garderobeanlegg på samfunnshuset ved tevlingsområdet.

### **BESTILLING OG BETALING AV Plassar**

I Nettbutikken vel du kva plass/plassar du ønskjer å kjøpe. Betaling skjer via nettbutikken når du bestiller plassen. Du kan velje mellom vipps eller kortbetaling.

Når du kjem til Landskappleiken vil du bli vist til din plass, det er ikkje anledning til å velge anna plass når du kjem enn den du har bestilt.

Når du bestiller deg plass på kappleikscampingen godkjenner du dei vilkåra som er i desse kjøpsvilkåra.

### **ALDERSGRENSE FOR BESTILLING**

Aldersgrense for bestilling av campingvognplass/bubilplass er **18 år**.

Det skal vera ein person over 18 år tilknytt kvar campingvognplass/bubilplass som har ansvaret for vogn/bubil/bil.

### **PARKERING**

Det kan parkere ein bil per campingplass.

Bilar som ikkje er tilknytt ein plass har ikkje tilgang til campingplassen.

## OPNINGSTIDER OG INNSJEKK

Kapleikscampingen opnar tysdag 25. juni klokka 14:00 og stenger søndag 30. juni klokka 18:00.

Før oppmøte på stemnekontoret og kapleiksområdet må du parkere campingvogna på campingplassen. Dette for å unngå «kork» ved kapleiksområdet.

## SIKKERHEIT PÅ KAPLEIKSCAMPINGEN

Kapleikscampingen har vakt heile døgnet. Ikkje nøl med å seie ifrå om du har sett eller opplevd noko som ikkje høyrer heime på campingen til Landskappleiken.

Sjekk at brannutstyr, gassvarslar og røykvarslar er i orden før du kjem.

Det er ikkje lov å grille/bruke open eld på festivalcampingen.

Brannsløkkingsutstyret er markert med vimpel og plassert med ca. 50 meter avstand.

**NB!** Avstandskrav til campingvogn/-bil er 4 meter. Dersom vogner eller kjøretøy er over 8 meter, bør de tinge plassar opp mot teltområdet eller ned mot elva.

## PERSONVERN

Sjå eigen personvernerklæring for lagring av kontaktopplysningar ved bestilling som gjeld for landskappleiken.no

## LOVVAL OG TVISTELØYSING

Kjøpsvilkåra skal tolkas og reguleras i henhald til norsk rett. Eventuelle tvister mellom kjøpar og arrangør knytta til kjøpsvilkåra, skal avgjerast ved alminnelege norske domstolar.

## AVBESTILLING AV PLASSAR

Frist for avbestilling er 14 dagar før Landskappleiken tek til.

Avbestilling etter dette gjev ikkje rett til tilbakebetaling utanom ved legeerklæring.

**LANDS**  Gol  
**KAPLEIKEN** 26. - 30. juni  
2024  
[www.landskappleiken.no](http://www.landskappleiken.no)